Internrevisjon av informasjonssikkerheit i Helse Vest vart gjennomført av Helse Vest RHF i løpet av 2024. Føremålet med revisjonen var å undersøke om ein har klare roller og ansvar for informasjonssikkerheit i føretaksgruppa, med særleg fokus på risikovurderingar og –styring, og om desse er i samsvar med gjeldande krav.

Inntrengingstestar

Det har blitt gjennomført fleire interne og eksterne inntrengingstestar på ulike løysingar i Helse Vest det siste året. Fleire testar resulterte i at alvorlege sårbarheiter vart avdekka. Resultata frå inntrengingstestane understrekar naudsynet av manuelle inntrengingstestar. Automatiserte sårbarheits-skanningsverktøy som Nessus avdekkar mange openberre sårbarheiter, men vil aldri åleine kunne garantere sikkerheit i eit system. Inntrengingstestar er ein viktig del av internkontrollen i Helse Vest IKT.

CISO har det overordna ansvaret for at det blir gjennomført internkontroll på informasjonssikkerheitsområdet i Helse Vest IKT. Internkontroll blir utført av tilsette i sikkerheitsorganisasjonen eller eksterne, alt etter behov og kva fagområde som blir valt ut for kontroll.

Utfordringar:

Helse Vest treng risikostyring på tvers av område i digitaliseringsstrukturen som reflekterer behovet for risikostyring i nye digitaliseringsinitiativ. Det vil vere større behov for leverandørstyring i tida framover enn det vi har kapasitet til i dag. Dette grunna auka i system som blir levert som Software-as-a-Service (SaaS), der leverandør står for drift og forvaltning.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til IKT-sikkerheit.

7. Personvern

Personvernteamet har frå desember 2024 bestått av to ressursar, i tillegg til personvernombodet. Teamet har blant anna vore involvert i personvernrettslege problemstillingar knytt til ROS-analysar, DPIA-ar, databehandlaravtalar, og rådgjevnad i lokale og regionale prosjekt. I tillegg er minst ein ressurs frå teamet fast representert i regionalt personvernombodsutval (PU), som har møter regelmessig.

I 2025 har arbeidet rundt databehandlingsavtalar i små- og mellomstore system i stor grad vorte fullført. Det er sett i gang revisjon av fleire avtalar, men det er ikkje utarbeida ei fast rutine for dette. Revisjon vert som regel gjennomført i samanheng med implementering av nye funksjonar i eksisterande løysning, kor vi sørger for at eksisterande databehandlaravtale framleis er dekkande.

I 2024 og 2025 blei det i samarbeid med representantar frå helseføretaka og det regionale helseføretaket, utarbeidd eit nytt malverk og faste rutinar for DPIA-prosessen i Helse Vest. Rutinane er implementert i styringssystemet som er felles for verksemdene i Helse Vest, og vert allereie nytta i fleire prosjekt. Vi håpar at dette kan bidra til at arbeid med DPIA og dokumentasjon av personvern får ein tydeleg prosess og tilfredsstillande kvalitet.

Store delar av 2023 har gått med til å utarbeide protokoll, og Visma Drafit sitt protokollverktøy er no implementert. Under arbeid med protokollføring som databehandlar vart det i 2024 oppdaga at integrasjon mellom Assyst og protokollverktøyet ikkje er implementert. Det vart oppretta dialog med leverandør for å undersøke om ønska integrasjon er mogleg, men her står det framleis att ein del arbeid. Dette arbeidet er no satt på pause då vi har vurdert at ønska integrasjon ikkje er mogleg.

Utfordringar:

Protokollverktøy for databehandlar har ikkje ønska integrasjon, og det har vore dialog med leverandør for å sjå på moglegheit for naudsynt integrasjon med Assyst. Vurderinga per i dag er at integrasjon ikkje er mogleg, og at ein må sjå på moglegheit for ny løysing.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vert vurdert å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til databehandlingsavtalar, men for protokollverktøy som databehandlar som ikkje har ønska integrasjon, kan det stillast spørsmål ved om Helse Vest IKT har tilfredsstillande internkontrollrutinar.

8. Miljøarbeid

- Helse Vest IKT vedtok i 2022 å gå ut av sertifiseringsordninga, og er f.o.m. 2023 ikkje lenger ISO-sertifisert (siste miljøsertifisering vart godkjent etter ny standard ISO 14001:2015 i januar 2021). Vi forpliktar oss likevel til å følge opp intern miljøstyring på ein god og samvitsfull måte, med utgangspunkt i myndigheitene sitt vedtekne rammeverk.
- Interne revisjonar blir gjennomført to gonger per år. Revisjonen våren 2025 hadde fokus på bruk av KI i Helse Vest IKT. Den viste at vi har eit bevisst forhold til bruk av KI i prosjekt, men at det finst eit behov for oppdaterte retningslinjer for KI-bruk som òg inkluderer miljøpåverknad. Revisjonen for hausten 2025 vil følge opp revisjonen frå hausten 2024, som hadde fokus på miljørelatert kommunikasjon internt i HVIKT.
- F.o.m. hausten 2023 består miljøkoordinatorteamet av to personar, som samarbeider tett med kommunikasjonsavdelinga for auka bevisstgjerings kring miljø hos dei tilsette. I tillegg til internrevisjonane og oppfølginga av desse, er ei intern returordning for mobiltelefonar og berbare einingar no etablert på alle lokasjonar.
- Når det gjeld miljømål, vart det i leiingss gjennomgang i februar 2024 vedteke at seksjonsvise mål går ut, slik at Helse Vest IKT i større grad kan fokusere på å nå mål på organisasjonsnivå.

Konklusjon:

Helse Vest IKT følgjer eigne miljømål på organisasjonsnivå, med utgangspunkt i myndigheitene sitt vedteke rammeverk. Helse Vest IKT forpliktar seg til å vere ein miljøbevisst organisasjon som kontinuerleg reduserer den negative miljøpåverknaden ved å tenke langsiktig og førebyggjande.


9. Etiske retningslinjer

- Helse Vest IKT følgjer etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest.
- Brot på sikkerheitsinstruks rapporterast gjennom Synergi.
- Etiske innkjøp følgjast opp gjennom Sykehusinnkjøp HF.
- Etiske retningslinjer er ein del av obligatorisk gjennomgang for nytilsette.

Konklusjon:

Helse Vest IKT vurderast å ha tilfredsstillande internkontrollrutinar knytte til etiske retningslinjer.

Styringssystemet for Helse Vest IKT AS er delt inn i følgjande område:




I 2025 er det gjennomført internrevisjonar av områda Beredskap, Økonomi og rekneskap og HMS i styringssystemet.

Revisjonane viste at selskapet har god styringsinformasjon og verktøy innanfor områda, og at alle lovkrav vert følgde.

Styringssystemets modenhet

HELSE VEST

- Lederansvar
- Ansattes medvirkning
- Brukermedvirkning



17.09.2025
Følsomhet GUL

Konklusjon

Til definerte tema for internkontroll vurderast administrasjonen å ha tilfredsstillande rutinar som samsvarar med metodikken i internkontrollforskrifta for å sikre drift og omdøme for Helse Vest IKT.

Tema for gjennomgang av leiing og kvalitetsforbetring i Q4 2025 vil bli valt ut i leiarmøte i Helse Vest IKT.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 25.09.2025

SAKSHANDSAMAR: Ole Jørgen Kirkeluten, Harald Løbersli og Leif Nordland

SAKA GJELD: **Status budsjett 2026 for Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK:

STYRESAK: **Styresak 038/25 O**

STYREMØTE: **02.10.2025**

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret gav innspel til prosessen, og tek saka til orientering.*

Oppsummering

Helse Vest IKT vil i samarbeid med digitaliseringsstrukturen utarbeide budsjett for 2026, oppbygd med utviklings- og forvaltningsaktivitet. I tillegg vil Helse Vest IKT utarbeide budsjett for IKT-tjenester og arbeidsoppdrag i samarbeid med føretaka.

Forslag til statsbudsjett blir lagt fram i midten av oktober, og vil gi føringar for mellom anna løns- og prisvekst.

Helse Vest IKT vil avtale dialogmøte med helseføretaka og områdeleiarar- og eigarar om budsjett 2026. Alle helseføretaka bes om å nytte ØLP med tillegg av løns- og prisvekst i budsjettprosessen fram til første utkast til driftsbudsjett ligg føre frå Helse Vest IKT, venta i andre halvdel av oktober.

Investeringar i digitaliseringsområda 2025 har per august ei prognose på 338 mill.kr, noko som er 62 mill.kr under budsjett, og vil gje reduserte driftskostnadar i 2026 for avskrivning og årlege lisenskostnadar samanlikna med økonomisk langtidsplan – avhengig av del nytta til nye lisensar. Ikkje-aktiverbare utviklingskostnadar i digitaliseringsprosjekt 2025 har per august ei prognose på 176 mill.kr, noko som er 4 mill.kr under budsjett.

Investeringar i leigeordninga har per august eit forbruk på 58 mill. kr, og prognose på 90 mill. kr, noko som er i tråd med budsjett.

Investeringar i anna infrastruktur har per august eit forbruk på 165 mill. kr, og prognose på 243 mill., noko som er 10 mill. over budsjett, dette skuldast i hovudsak høgare investeringskostnadar til ny datahall enn budsjett.

Helse Vest IKT er godt kjend med den økonomiske situasjonen i Helse Vest, og vil ha særskilt fokus på områder for mogleg innsparing og effektivisering.

Innanfor IKT-tenester er det to satsingsområde som vert prioritert:

- brukarvennlege og heilskaplege løysingar
- beredskap og sikkerheit

Innanfor digitaliseringsstrukturen er det vedteke ein oppdatert digitaliseringsstrategi der frigjering av tid for helsepersonell skal prioriterast, noko som gir føringar for framtidig utvikling.

Fakta

Utviklingsplanen set mål og retning

Utviklingsplanen set **mål og retning** for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT.

Dei fire strategiske **måla viser kva vi skal strekke oss mot** - både i det daglege arbeidet og i den langsiktige styringa av selskapet.

Vi har sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar.



Ny teknologi, endra behov og ei uforutsigbar verd gjer at vi heile tida må utvikle oss. Vi sikrar at teknologiske løysingar og helseopplysningar er tilgjengelege, korrekte og beskytta slik at medarbeidarane i sjukehusa i Helse Vest framleis kan levere trygge og gode helsetenester.

Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon.



Mangel på helsepersonell, fleire og eldre pasientar, meir samansette sjukdomsbilete og stadig større forventningar til helsetenesta krev nye måtar å levere tenestene på. Gjennom vår teknologi-kompetanse og forståing av sjukehusa sine behov bidreg vi til å utnytte digitale verktøy for å møte utfordringsbiletet.

Vi har ein moderne digital grunnmur.



For å ivareta sikker, stabil og effektiv drift og understøtte helseføretaka sine behov for å levere helsetenester på nye måtar, har vi ein moderne digital grunnmur. Den gjer det mogleg for sjukehusa å endre seg raskare og er ei verktøykasse for brukarnær utvikling av løysingar som er tilpassa brukarane og passar inn i vårt teknologilandskap.

Vi lukkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette.



Leiarane og medarbeidarane er dei viktigaste ressursane våre og vi har ein unik samansetnad av teknologikompetanse og kjennskap til sjukehusa. Saman skapar vi ein god arbeidsplass prega av engasjement, samarbeid og læring. Vi utviklar kompetansen og tenestene våre i takt med sjukehusas behov.

I arbeidet med prioritering av aktivitet og leveransar frå Helse Vest IKT vil utviklingsplan være førande for prioritering av tiltak, saman med innspel frå digitaliseringsstrukturen.

Digitaliseringsstruktur

I økonomisk langtidsplan vart ramma for utvikling i 2026 satt til 360 mill. kr til investeringar og til 140 mill. kr til driftskostnader (før justering løns- og prisvekst).

Underforbruk av investeringsmidlar i 2025 skuldast mellom anna forseinka leveransar frå leverandør, og det kan vere aktuelt å overføre restmidlar frå 2025 til 2026, men berre den delen som gjeld leverandørkostnader, da planlagt ressursbruk frå Helse Vest IKT ikkje kan overførast.

Budsjettet for utvikling i drift er redusert med 32 mill. kr samanlikna med budsjett 2025, noko som vil krevje endring av ressursbruk i Helse Vest IKT.

Øvrige driftskostnader i digitaliseringsstrukturen fekk ei ramme på 1 006 mill. kr (før justering løns- og prisvekst). Budsjett for øvrige driftskostnader må oppdaterast med ny framskriving av avskrivingar og support- og vedlikehaldskostnader (basert på rekneskap august), noko som kan gje endringar i budsjettforslag.

Prioritering og fordeling av budsjetttramme til områda i digitaliseringsstrukturen vert handsama i Digitaliseringsstyret 27. oktober. Dette inneber at budsjettforslag frå Helse Vest IKT som skal leggst fram i styremøte 7. november vil vere basert på overordna ramme, og ikkje vise budsjett fordelt på dei enkelte områda, noko som vil gje meir usikkerheit i fordeling av kostnader mellom føretaka.

IKT-tenester

Innanfor IKT-tenester er det to satsingsområde som vert prioritert:

- brukarvennlege og heilskaplege løysingar
- beredskap og sikkerheit

I dette vegvalet er det lagt til grunn at framtidas sjukehus i endå større grad vil krevje mobile løysingar som er brukarvennlege og saumlause. I forslag til budsjett vil det kome behov for å auke kapasitet og kompetanse innanfor mobilitetsområdet, utprøving av nye konsept innanfor identitets- og påloggingsløysingar, meir mikrosegmentering av teknisk- og medisinteknisk utstyr, samt arbeid med beredskapsplanar og øvingar.

Det er dialog med sjukehusa om ressursbruk til byggeprosjekt, og det er noko usikkert kor stort behovet vil vere i 2026. Det er lagt vekt på å oppretthalde kompetanse som kan gi støtte til byggeprosjekta, men med noko mindre kapasitet enn i 2025. Foreløpige tal på behov viser ein reduksjon på om lag 10 - 15 årsverk frå 2025 (budsjett 36 årsverk) til 2026. Frigjort kapasitet vil bli nytta til å erstatte innleige og auke ressursbruk innanfor definerte satsingsområder.

Det er satt i gang eit arbeid med ny Microsoftavtale nasjonalt, denne skal gjelde frå 2026, og det vil kome endringar i bruk av mellom anna Co-pilot, skytenester og integrasjonsplattform, noko som kan gje auka behov for intern kapasitet og auke i driftskostnader.

Det er og auka etterspørsel etter utvikling, RPA-robot, App'er, bruk av kunstig intelligens, og integrasjonar, og kapasitet må vurderast opp mot samla vekst i selskapet i dialog med sjukehusa.

SLA vert handsama fortløpande, og godkjente forslag til endring blir tekne inn i budsjettforslag for 2025.

Investeringar

Investeringsbudsjettet består i hovudsak fire element; ramme frå HF-a på konkrete investeringar, ramme frå Digitaliseringsstyret, ramme for leigeordning PC/skrivarar og ramme for infrastruktur.

Aktuelle investeringar frå HF/RHF:

- Trådløst nett, kabla nett, tele og signalanlegg
 - Det vil være dialog med helseføretaka om utbyggingstakt og investeringsnivå for 2026.
- Byggeprosjekt
 - Dialog med byggeprosjekt og HF om investeringar knytte til byggeprosjekt, førebels utkast til budsjett 2026 vil bli handsama i styringsgruppa.
 - Eventuelt andre behov for investeringar frå helseføretaka vil bli tekne inn i budsjettet etter dialogmøte .
 - Oppgradering og tilleggslisensar for system som ikkje går gjennom portefølje.

Infrastruktur:

Ramma for infrastruktur skal dekke alt leigeutstyr, reinvesteringar i fordelarar og nettverk, serverar og lagringsløysningar, sikkerheitsløysingar og tele/signal/video.

Totalramma for infrastruktur i 2026 – 2030 vart handsama i styret for Helse Vest IKT 2. april.

IKT-tenester budsjett investering (mill.kr)	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Investeringer infrastruktur	141	120	120	120	110	100
Investeringer ny datahall	55	0	0	0	0	0
Foretaksvisse investeringer	17	12	12	12	12	12
Digital Plattform	20	15	15	15	15	15
Sum investeringer	233	147	147	147	137	127

Investeringsramma i langtidsbudsjettet vart for 2026 foreslått til 147 mill. før justering av løns- og prisvekst. Det er framleis ei utfordring med sterk prisvekst på infrastruktur, noko på grunn av valutaendringar, men òg på grunn av sterk etterspurnad og leveranseproblem.

Innsparing:

Alle avdelingar/seksjonar/områder skal i budsjettarbeidet identifisere og prioritere moglege kostnadsreduksjonar. Arbeidet med å fase ut små og mellomstore løysingar er godt i gang, i tett samarbeid med føretaka. Det er eit mål om å standardisere ytterlegare, og at alle nye initiativ skal handsamast regionalt.

Innanfor innkjøpsområdet ses det spesielt på avtalelojalitet, noko som kan gje reduserte kostnader og meir standardisering. Det har vore ei positiv utvikling gjennom 2025, og arbeidet rundt dette vil fortsette i 2026.

Bemanning

I september 2025 vart seksjon for «Digital læring», med ansvar for å utvikle digitale læringsressursar og kompetanseplanar til medarbeidarar, verksemdsoverdratt frå Helse Bergen til Helse Vest IKT. Dei er i alt ti medarbeidarar, og kjem i tillegg til bemanning og driftskostnader som låg i økonomisk langtidsplan.

Helse Vest IKT er i gang med eit arbeid som ser på organisering av selskapet; «Ein framtidsretta organisasjon». Målsettinga er å få ein tenesteoptimalisert organisasjon, med ei skifte frå eit funksjonstankesett til eit verditankesett. I denne endringa er det lagt opp til å innføre eit nytt nivå-2; divisjonar som får tydeleg ansvar og myndigheit for leveransar frå Helse Vest IKT. Det er ikkje lagt opp til endring i bemanning som følgje av endra organisering utover dette, men det er ei klar forventning om auka gjennomføringskraft.

Siste status for levering av timar i 2025 viser lågare aktivitet enn budsjettet i digitaliseringsstrukturen, noko høgare enn budsjettet i byggeprosjekta, og som budsjettet innanfor IKT-tenester. I ramme for digitaliseringsstrukturen i 2026 er det lagt opp til lågare aktivitet, noko som sannsynlegvis vil krevje levering av færre timar i 2026 enn i 2025, og det same vil være tilfelle for byggeprosjekt.

I budsjett for 2025 var det planlagt ei bemanning på 807 årsverk ved utgangen av året, per september har vi 805 årsverk, og prognosen viser ei bemanning i tråd med budsjett ved utgangen av året.

Sjukefråvær har vore nedgåande i 2025, noko som gir positiv utvikling i leveransekapasitet. Turnover er på eit lågare nivå i 2025 enn i 2024, og innanfor det som akseptabelt i vår bransje.

I budsjett for 2026 vil det bli gjort ei samla vurdering av bemanning, og ein må ha særskilt vurdering av:

- endra behov i digitaliseringsstrukturen
- endra behov i byggeprosjekt

- erstatning av innleige
- større satsingar innanfor mobilitet, pålogging og identitetshandtering
- meir kapasitet til beredskapsøving
- meir kapasitet til nettverk og mikrosegmentering
- meir etterspørsel etter utvikling, RPA-robot og integrasjonar

Dette vil krevje meir tverrfagleg og fleksibel bruk av ressursar, noko som er i tråd med målsettinga om å «smelte saman» prosjekt og forvalting og smidig tilnærming.

Rentekostnader

Rentenivået har vore stabilt i 2025, med noko reduksjon av rentenivået, men prognosen for 2026 er usikker, og kan gje ein høgare rentekostnad i 2026 enn anslag i ØLP. Det vil i så fall gje ein auke i timepris utover ordinær løns- og prisvekst.

I økonomisk langtidsplan vart følgjande lagt til grunn:

Rentebane	2026	2027	2028	2029	2030
Rente	3,9 %	3,8 %	3,8 %	3,8 %	3,8 %

Timepris

Timepris for Helse Vest IKT vil bli justert med ordinær løns- og prisvekst, korrigert for eventuelle endringar i fordeling tenester og felleskostnader.

Pensjonskostnad

Det er stor usikkerheit om rekneskapsføring og forutsetningar for pensjonskostnad, og KLP har ikkje utarbeida estimat for 2026 enno. I arbeidet med budsjett vil kostnad for 2025 med tillegg av vekst i tal på tilsette bli lagt til grunn inntil vidare.

Konklusjon

Helse Vest IKT er godt kjent med dei økonomiske utfordringane som helseføretaka står overfor med omsyn til reduserte økonomiske rammer og krav til økonomisk berekraft for å kunne handtere store investeringar innanfor sjukehusbygg i åra som kjem. Helse Vest IKT er oppteken av å være kostnadseffektivt.

Den største usikkerheita har vi innanfor (a) aktivitetsnivået i digitaliseringsstruktur og byggeprosjekt, (b) nye avtaler med Microsoft og skyløysingar, og (c) kostnader som følgje av auka krav til identifiserings- og påloggingsløysingar.

Plan for og arbeid med kostnadskutt, innsparing, automatisering og robotisering blir prioritert.

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 23.09.2025
SAKSHANDSAMAR: Frode Langeland, Harald Flaten
SAKA GJELD: Påloggingsløysingar

ARKIVSAK:
STYRESAK: Sak 039-25 D

STYREMØTE: 02.10.2025

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gav innspel, og tek saka til orientering

Oppsummering

Helse Vest IKT ser på løysing som kan spare tid og forenkle pålogging for helsepersonell som brukar mange forskjellige PC-ar gjennom arbeidsdagen.

Fakta

Imprivata Enterprise Access Management er ei løysing som forenklar pålogging på PC, mobil og fagapplikasjonar. Løysinga fyller automatisk inn brukarnamn og passord når ein opnar fagapplikasjonar eller skal dobbeltsignere. Løysinga har eit PC-oppsett der ein brukar blir logga inn automatisk på PC-en når PC-en startar, Dei viktigaste fagapplikasjonane startar så automatisk, før PC-en blir låst.

PC-en er no klar til bruk – dei viktigaste fagapplikasjonane er starta, og ventar på at nokon skal ta dei i bruk.

Når ein kliniskar «tappar» Imprivata-kortet og legg inn PIN-koden sin, blir PC-en låst opp og brukarnamn og passord automatisk lagt inn i fagapplikasjonane som køyrer. Når ein kliniskar «tappar» Imprivata-kortet på nytt, blir PC-en og fagapplikasjonane låst. Kliniskar treng ikkje tenke på å logge ut av fagapplikasjonar før dei forlet PC-en.

Våren 2025 gjennomførte Helse Vest IKT ei utprøving av Imprivata-løysinga i HVIKT sitt testmiljø. Konklusjonen frå utprøvinga var at Imprivata betydeleg reduserer tida det tek frå ein kliniskar står ved ein PC, til dei er innlogga i fagsystema og klare til å jobbe. Påloggingstid gjekk ned frå ca. 2 minutt til ca. 20 sekund.

Imprivata er eit amerikansk selskap som har spesialisert seg i å forenkle identitetshandtering, pålogging og tilgang til applikasjonar for helsevesenet. Imprivata leverer løysinga si til 3800 helseregionar, og det er 10 millionar kliniske brukarar av løysinga. I Norden er det 120 sjukehus (ca. 250 000 brukarar) som nyttar løysinga (ingen i Noreg).

I direktørmøtet i august vart det bestilt ein pilot av Imprivata-løysinga på ein sengepost på eit sjukehus for å bekrefte at gevinstane frå utprøvinga i eit testmiljø kan overførast til klinisk kvardag på ein sengepost. Imprivata leverer løysingar til både PC og mobil. I denne piloten blir det kun fokusert på PC, då gevinstane er størst på PC-sida, og det er meir tidkrevjande å sette opp ei mobil løysing.

Ortopedisk sengepost 5E på SUS er valt ut som pilot-sengepost. Det arbeider ca. 60 personar fast på sengeposten, og ca. 40 legar er innom sengeposten kvar veke. Dei tilsette blir utstyrt med eit ekstra ID-kort utan bilete, som blir nytta til å «tappe» på kortlesar for å logge inn i fagapplikasjonar, dobbeltsignere i Meona, eller logge ut av fagapplikasjonar. Applikasjonar som blir tilrettelagt for «tapp»-pålogging (dvs. at kliniskarane ikkje treng å taste inn brukarnamn og passord for å logge på), er: Dips, Meona, Orbit, Imatis, e-post, Gat, MinGat, Sectra, Uniview, EQS, Tønsys og Pasientreiser.

Helse Vest IKT har etablert eit samarbeid med Imprivata for å sette opp ei produksjonsklar løysing.

I veke 39 blir det gjennomført måling av tida det tek for ein kliniskar å logge på PC og inn i fagapplikasjonar. Identiske målingar blir gjennomført ca. ei veke etter at sengepost 5E har gått i gang med Imprivata-løysinga. Det blir òg gjennomført ei spørreundersøking for å få kliniskarane sine subjektive vurderingar av Imprivata-løysinga.

Kommentarar

Løysinga skal settast opp, fagapplikasjonane må tilretteleggast i Imprivata-løysinga, kliniskarane må få innrullert kort for pålogging, og opplæring må gjennomførast. Eit sånt prosjekt tek normalt fleire månader. Sidan sluttrapporten må vere ferdig 15. oktober for å rekke neste direktørmøte, er det ein risiko for at ein ikkje får satt opp og gjennomført piloten innan den tid. For å redusere denne risikoen, vil tida satt av til testing bli redusert. Det vil vere vanlege PC-ar utan Imprivata tilgjengeleg som kliniskarane kan nytte dersom dei opplever utfordringar med Imprivata-PC-ane.

Utprøvinga av Imprivata-løysinga identifiserte stort tidssparande potensiale, men løysinga er òg kostbar, og Imprivata har få eller ingen konkurrentar i dette segmentet.

Listepris for 1 PC-brukarlisens per år er 45,48 Euro. Dersom vi antek at det er 27 000 kliniskarar som nyttar delte PC-ar ute på postane, blir det minimum 14 331 000 kr per år. Det er stor usikkerheit rundt tal kliniskarar som nyttar delte PC-ar på postane, men det er truleg mellom 25 000 og 30 000 personar.

Listepris for 1 mobiltelefonlisens per år er 78,24 Euro. Dersom vi reknar ca. 6000 delte mobilar i Helse Vest, blir det minimum 5 479 000 kr per år.

Konklusjon

Ein må ta stilling til vidare prosess når sluttrapporten er produsert.

SAK 040-25

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 23.06.2025
SAKSHANDSAMAR: Pål Gaute Sætre

SAKA GJELD: **Orientering om arbeidet med telefoni**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 040/25 D

STYREMØTE: 02.10.2025

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret gav innspel, og tek saka til orientering.

Oppsummering

*Helse Vest har i dag passert over 12 000 mobiltelefonar. Om ein reknar 7000 kr i kostnad per mobil, utgjer dette 84 millionar kroner. Det er avgjerande at Helse Vest får henta ut gevinstane på denne kostnaden – både i form av betre kvalitet i dei arbeidsprosessane som blir utført administrativt og klinisk, men aller helst i form av å frigjere hender. Ein avgjerande føresetnad for mobilitet er **velfungerande telefoni**. Denne saka er ei orientering til styret om det arbeidet rundt den delen.*

Vi har i arbeidet identifisert ulike utfordringar:

- Teknisk kvalitet på fast IP-telefoni

- Tele og signal held i denne delen, og jobbar saman med leverandør for å auke kvaliteten i løysinga
- Det er per i dag få saker som blir meldt inn på fasttelefoni til Kundesenteret, men brukarane melder likevel varierende samtalekvalitet når vi er ute på hospitering. Desse blir sett på sak for sak.

- Teknisk kvalitet på mobil IP-telefoni

Her jobbar delområdet Mobilitet saumlaust saman med Tele og signal

- SIGNAL: Vi har etablert eit team for signalbæring som jobbar saman med føretaka for å optimalisere trådlaut nett for IP-telefoni.
 - KORTSIKTIG: Tiltakspakke 1 blir implementert i desse dagar, og gjer tekniske justeringar på frekvensar, krav til signal i samband med roaming, etc.
 - LANGSIKTIG: Visjonen er at Helse Vest skal ha eit godt nok trådlaut signal i alle delar av si bygningsmasse/campus. Det vil krevje eit langsiktig arbeid via fleire aksar, men vil vere ein viktig føresetnad for ein robust mobilitet. Ein akse er å optimalisere og vidareutvikle dagens trådlause nett, ein annan

er å sjå på kva moglegheter som kan ligge i mobilnettet.

- FØRSTELINJE-SUPPORT: Vi har etablert eit eige innval på Kundesenteret for mobilitet, og det er eit eige team på førstelinje som har spesialisert seg på desse problemstillingane. Hensikta er å løyse flest mogleg saker tidleg i prosessen.
- TEST: Det er allokert kapasitet på testleing for å jobbe meir systematisk med testing rundt telefoni.
- FEILRETTING: Det er gjort fleire tiltak som skal løyse ulike feilsituasjonar – dette er fortløpande arbeid.
- ALTERNATIVE LØYSINGAR: Skal ein i større grad gå over til å bruke eksterne leverandørar som Telenor og Telia sine nett på tale via mobiltelefoni? Kva implikasjonar har det i forhold til robustheit, kostnad, bruk av internnummer, etc.?

- **Finne fram til rett person til rett tid**

- Utvikling av Kollegasøk-appen som skal gjere det enkelt å alltid finne kollegaen ein skal kommunisere med
- Team Datakvalitet som skal etablere ein heilskapleg informasjonsarkitektur for telefoniområdet, og bistå føretaka med rydding i data. Typiske ting som blir greidd ut er kva nummer som skal lagrast i kva system, kontaktkort, rutiner for oppdatering, kopling mot Samlepunktet, etc.

- **Brukaropplevinga**

- Eit eige team som jobbar med lyd og varslar
- Fleire med UX-kompetanse i teamet
- Vi jobbar med å etablere eit team for å følge opp heilskapen i brukarflata og ta forbrukarane i vare i samband med diverse innføringar/utprøvingar av ulike appar
- Vi har ulike typar telefoni som set ulike krav. Eksempelvis er vakttelefoni svært kritisk for sjukehusa, medan annan telefon kan ha ein heilt annan kritikalitet.
- Vi samarbeider med IAM-området rundt pålogging. Her håpar vi at tempoet kan aukast, då pålogging vil vere heilt avgjerande for ei god brukaroppleving. Dette må òg sjåast i samanheng med ei utprøving av Imprivata på mobil.

- **Appar**

- Vi opplever stort behov for å få ut ulike appar på mobiltelefonane i Helse Vest. Det er i nokre tilfelle enkelt, men i andre tilfelle krevjande med kompleks integrasjon mot både utstyr og system. Dette har ofte både driftsmessige, tekniske og økonomiske implikasjonar.
- Delområdet Mobilitet ønsker å etablere eit team for forvaltning og utvikling av eigenutvikla appar. Per i dag er det Kollegasøk og Debra som inngår i porteføljen.

Eigenutvikling er eit viktig verktøy for å bygge dei mindre tannhjula som må til for å nå målbiletet vårt.

Heilskap og strategi

- Det går føre seg ein grundig revisjon av strategi for Samordna kommunikasjon, der brukarfokus skal vere den raude tråden, og ein legg opp til brei involvering av føretaka.
- Grensesnitt mot områdestrukturen er krevjande. Om ein skal klare å lukkast vil det krevje at vi får lov til å sette meir preg på arbeidsflata, eksempelvis ved å sette strengare krav til støtte til pålogging, krav til utforming, sikkerheit og opplæring.



Smarttelefoner som arbeidsverktøy: Sykehusansatte kobles tettere på



Pettersen, Anne Marit Soltveit
Seniorrådgiver

Publisert 23.9.2025

– Jeg er med i dette arbeidet fordi jeg ønsker at teknologi skal oppleves som en hjelp – ikke som en hindring, forteller assisterende seksjonsleder Nils Arne Mugås, ved Voss sjukehus. Høsten 2025 tas det grep for å legge til rette for at ansatte på sykehusene får en bedre og tryggere arbeidshverdag med brukervennlige funksjoner for telefoni på mobilen.

Nils Arne Mugås har bred klinisk erfaring fra ambulansetjenesten, akuttmottak og operasjonsavdeling, og har siden 2023 vært assisterende seksjonsleder på operasjonsavdelingen. Selv om han ikke har formell utdanning innen tekniske fag eller IKT, har han en sterk interesse for teknologi som forenkler hverdagen. – Jeg brenner for teknologiske løsninger som gir mindre motstand i arbeidshverdagen, sier Nils Arne.

Han understreker at smarttelefoner vil være en viktig del av fremtidens helsevesen, men at det grunnleggende må være på plass først, slik at man enklere kan kontakte hverandre. Og det er viktig at man erkjenner dagens situasjon for sluttbrukerne på sykehusene.

– Mange har opplevd at nye løsninger for å ringe ikke fungerer i praksis. Apper har vært trege, uoversiktlige eller ute av drift. Når samtaler ikke går gjennom, skaper det utrygghet, sier han.

Kollegasøk – en app for enklere kunne ringe kollegaer

Som en del av utviklingsteamet bak Kollegasøk, som skal erstatte dagens Contact Manager, er målet å gjøre det raskt og enkelt å finne riktig person eller rolle, blant annet ved hjelp av hurtigvalglistene.

– Min rolle har vært å se appen fra et klinisk perspektiv og komme med innspill til hvordan den bør fungere. Jeg har også fått teste appen i arbeidshverdagen, og det er da jeg ser hva som fungerer og ikke, sier han.

Appen skal nå rulles ut til flere brukergrupper på Voss, og Nils Arne Mugås ser frem til tilbakemeldinger fra kolleger. Han understreker viktigheten av god informasjon og opplæring for å sikre at løsningen faktisk tas i bruk.



Nils Arne Mugås er assisterende seksjonsleder på Voss

Større grep tas i regionen: Strategiarbeid for samordna kommunikasjon. Mobilen som del av en helhetlig arbeidsprosess.

Parallelt med at applikasjonen Kollegasøk utvikles og testes, så tas det et større, mer helhetlig grep med fokus på telefoni. September inviteres arbeidsgrupper fra alle foretakene i Helse Vest til et informasjonsmøte. Funn fra hospitering i sykehusene og en spørreundersøkelse gjennomført i Helse Bergen skal her presenteres om hvordan telefoni oppleves av pasientnære medarbeidere.

Deretter skal pasientnære medarbeidere som har bidratt tidligere inviteres til et arbeidsmøte der de sammen med IKT- og telefoniansvarlige i foretakene, og fagspesialister, rådgivere og ledere fra HVIKT blir enige om felles målsetninger og velger løsninger.

Dette møtet skal også gjennomføres i oktober.

-Helse Vest IKT har som oppgave å levere brukervennlige og trygge løsninger. De siste årenes leveranser innen mobilområdet har vist at vi ikke har vært flinke nok



til å koble oss på sluttbrukerne. Derfor er det viktig at vi nå tar ansvar, sammen med sykehusene. Målet er at bruk av mobiltelefon oppleves trygt, enkelt og som avlaster, og ikke belaster våre travle kollegaer, sier Ole Jørgen Kinkeluten, administrerende direktør i HVIKT.

Store utfordringer med telefoni

Nils Arne Mugås, Voss sjukehus peker på flere utfordringer knyttet til mobilbruk i helsevesenet. Han nevner tekniske problemer med apper og telefoner, manglende dekning og svak infrastruktur som kilder til frustrasjon og mistillit.

Han lister opp fem tydelige anbefalinger for innføring av ny teknologi på mobilen:

1. Systemer må testes grundig i klinikken før de tas i bruk.
2. Infrastruktur må være på plass og testet før ny teknologi innføres.
3. Sluttbrukeren må lyttes til – teknisk gode løsninger må også fungere i praksis.
4. Ny teknologi bør kunne kombineres med eksisterende systemer i en overgangsperiode.
5. Det må være åpenhet om utfordringer for å sikre gode ROS-analyser.

Strategiarbeid for Samordna kommunikasjon i Helse Vest

Samordna kommunikasjon er et samlebegrep for teknologier og tjenester som integrerer ulike kommunikasjonsverktøy for en effektiv brukeropplevelse. I dette inngår telefoni, meldinger, varsler, samarbeidsverktøy og apper. Sammen med foretakene skal den oppdaterte strategien lage felles målsetninger og vurdere hvilke løsninger som vil fungere best for brukerne. I tillegg må de valgte

løsningene fungere kunne fungere i en krisesituasjon, uten at vi er avhengige av internett, og/eller et fungerende mobilnett.

Strategiarbeidet er delt inn i hovedtemaer, der telefoni er første. Tiltak som følger av strategien skal implementeres gjennom handlingsplaner i hvert foretak, inkludert HVIKT.

I oktober gjennomføres et digitalt informasjonsmøte og et arbeidsmøte med fokus på telefoni. Informasjonsmøtet presenterer funn fra en spørreundersøkelse i Helse Bergen om hvordan telefoni oppleves av pasientnære medarbeidere. Arbeidsmøtet samler ansatte i HVIKT og andre relevante aktører for å

- dokumentere status for telefoniarbeidet
- identifisere og prioritere brukerbehov og mulige løsninger
- enes om felles mål for telefoni i Helse Vest.

Deltakere inkluderer

- Pasientnære medarbeidere som har bidratt tidligere.
- IKT- og telefoniansvarlige i foretakene.
- Fagspesialister, rådgivere og ledere fra HVIKT.

Møtene fasiliteres av Nils Petter Tveranger og Stina Flaktveit.

Rediger

Ansvarlig redaktør

Ole Jørgen Kinkeluten

Webredaktør

Maria Fehr Johansen

Kontakt

Kundesenteret

Kommunikasjonsgruppen

M365 Opplæring

Om nettstedet

Tilgjengelighetserklæring

Gi tilbakemelding